

Fjaler kommune  
 Postboks 54

6961 DALE I SUNNFJORD

## Fjaler kommune sitt arbeid med kulturnæringar

Vi viser til tidlegare møter mellom Fjaler kommune og nærings- og kulturavdelinga i fylkeskommunen om vidare arbeid med og satsing på det kreative miljøet og kulturnæringane i Fjaler gjennom PreForm og ei ev. bruk av Transplant-bygget til føremålet.

PreForm starta som eit bulystprosjekt som vart følgt opp av kulturavdelinga i fylkeskommunen. Erfaringane og konklusjonane i prosjektet er no vidareført i PreForm AS.

Fylkeskommunen ønskjer å følgje det vidare arbeidet med PreForm. Fylkesdirektøren ser potensiale i dette arbeidet og vi kan kople det til regionale og nasjonale strategiar innan kreative næringar og kulturnæring. Fylkesdirektøren ser at Transplant-bygget er ein vesentleg del av biletet, men meiner prosjektet førebels vil ha nytte av å ikkje vere for tett kopla til framtida til bygget.

For å ta arbeidet vidare er det ein føresetnad at både kommunen og aktørane er med i eit forplikande samarbeid. Det er også naturleg å kople på HAFS-utvikling i dette arbeidet.

Med helsing

 Jan Heggheim  
 fylkesdirektør

 Sissel Lillebø Aarseth  
 fagkoordinator

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*